

## Tildeling av OVF-midlar i Bjørgvin bispedøme 2016

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 19.04.2016 behandla søknadar om OVF-midlar. Det har i alt kome inn 54 søknadar med eit samla volum på kr 1 889 750. Kyrkjerådet har av kr 7 144 850 tildelt Bjørgvin bispedømeråd kr 875 000, inkludert kr 100 000 til misjonsråd-gjevarstillinga. Summen samsvarar med 2015. Overskotet frå tidlegare år er på kr 40 625. Dette gjev til saman kr 915 625 til fordeling i Bjørgvin bispedøme for året 2016. 45 mottakarar står på fordelingslista.

Søknadane har både vore vurdert konkret og ut i frå ein totalvurdering. Bispedømerådet har basert seg på erfaringar frå tidlegare år, og vektlagt å spreie midlane til mange søkjarar for å støtta lokale initiativ, heller enn å fullfinansiera prosjekt. Det har vore ynskje om å tilgodesjå søkjarar med lite ressursar og prosjekt som genererer innsats frå uløna medarbeidarar. Det er lagt vekt på om prosjekta har gode budsjett og om det er planlagt ei eigenfinansiering. Prosjekt som har motteke tilskot dei tre føregåande åra har normalt ikkje vore prioritert, i samsvar med retningslinjene for OVF-tildeling.

For 2016 er det framleis ei prioritering av barne- og ungdomsrelaterte prosjekt. Samstundes er prosjekt som skal fremje arbeid for flyktingar/innvandrarar blitt løfta fram grunna den aktuelle flyktingkrisa. Det har også vore semje om å gje stønad til kulturprosjekt og kyrkjemusikalske prosjekt med diakonal profil og prosjekt som følgjer opp etter bispevisitas. Satsinga på St. Jakob-ungdomskatedral vert og ført vidare.

Alle søkjarane vil få tilsendt vedtak frå Bjørgvin bispedømeråd i løpet av dei nærmaste dagane.

### Liste over mottakarar av OVF-midlar 2016:

Søklar	Prosjekt	Tildelt
Stedje sokn	Tid for tru - Trusopplæring for vaksne	10 000
FKU Teknikk	Videoserie - "Høytid i Fana kirke"	10 000
Meland kyrkjelyd	Møteplassen Ungdom	5 000
Meland kyrkjelyd	Internasjonalt arbeid i Meland: Norskurs og internasjonal kafé	10 000
Årstad og Fridalen menigheter	Diakoniprojekt: Hobbykafé, temakveld, samtalegrupper, internasjonale temamiddager, infokafé	25 000
Løvstakksiden sokn	Norskurs for innvandrere	55 000
Fusa sokneråd	Medarbeidarskap - Ny giv!	10 000
Kirkens SOS i Bjørgvin	Rekrutteringsprosjekt for å øke antallet "unge eldre"	50 000
Bergen domkirke menighetsråd	Menighetsutvikling i folkekirken MUV	30 000
Løvstakksiden sokn	Klubben i St. Markus	5 000
Austevoll sokneråd	Tilsette to eitåringar i trusopplæringa	25 000
Meland kyrkjelyd	Leiartreningskurs	11 000
Bergen domkirke menighet	St. Jakob ung katedral	60 000
Landås menighetsråd	Innkjøp av instrumenter til ungdomsarbeid	5 000
Strusshamn sokneråd	Fredagsklubben	5 000
Førde kykjelege fellesråd	Venskap - Face2Face	10 000
Birkeland menighetsråd	Familieorkester	10 000
Bjørgvin KFUK-KFUM	Tweensarbeid	10 000

Bjørgvin KFUK-KFUM	LIV-kurs (Ledere i Vekst)	10 000
Bjørgvin KFUK-KFUM	Familedager på Ynglingen	10 000
Bjørgvin KFUK-KFUM	Vinterfestivalen på Voss	20 000
Sogn og Fjordane KFUK-KFUM	Leiar team - Hjelp for kyrkjelydar å få ungdom til å reise på arrangement	10 000
Erdal menighetsråd	Etter skoletid	5 000
Høyanger sokn	Småbarnstreff/Barneklubb	6 000
Haugaland KFUK-KFUM	Ten Sing Festival	20 000
Hyllestad sokneråd	Base Camp 2016	25 000
Hyllestad sokneråd	Etablere ungdomsklubb(ar) i kyrkjelyden	50 000
Askøy kirkelige fellesråd	Chill'ax Ungdomskafé	20 000
Slettebakken menighet	EID - Engasjert, Inspirert, Dedikert	15 000
Bergen domkirke menighet	Barnas katedral - forestillingen "Metamorfose"	5 000
Åsane menighet	Ringeprojekt - Kontakt med nybakte foreldre vedr dåp	20 000
Fusa sokneråd	Eit liv etter konfirmasjon	20 000
Løvstakksiden sokn	Løvstakksiden pre-Soul Children	20 000
KFUK-KFUM Stryn - Speidarar	Seminar for unge speidarleiarar ved verdsspeidarsenteret i Mexico	13 000
Sandviken barnespel	Barnekor 25 år - Jubileum, opprette ungdomskor	10 000
Voss sokneråd	Vossakyrkemessa 2016	15 000
Ullensvang kyrkjelege fellesråd	Salmefest	15 000
Bergen domkirke menighet	Ung katedral St. Jakob+	40 000
Årstad kantori	Fortsatt drift av kantoret	15 000
Feios sokneråd	Feios kyrkje 150 år, fest	10 000
Bibelen til alle - Sogn og Fjordane	Bibelåret 2016 i Sogn og Fjordane	20 000
Komitéen for Seljumannamesa	Fremføring av Trond Kverno si "Seljumannamesse" under messa på Selja i 2017	20 000
Orgelklubben Ferdinand	Lønnsmidler	20 000
Fyllingsdalen menighet	Samleboka minutt for minutt	15 000
Bergen kirkeautunnale	Psalm for barn og tweens	20 000
SMM	Misjonsrådgjevarstilling	100 625